

FELTARBEID VED FOKSTUMYRA

2006

med hovedvekt på ornitologi og ringmerking

Kjell Mork Soot og Karl Johan Grimstad.

Januar 2007



Skogsnipe, ungfugl, 31.07.2006 (Foto: Kjell Mork Soot).

INNHold

1. LITT OM FELTSESONGEN	4
1.1 Vår.....	4
1.2 Sommar- og haust.....	5
2. RINGMERKING	12
2.1 Ringmerkingsresultat 2003-2006.....	12
2.2 Gjenfunn og kontrollar av fuglar ved Fokstugu i 2006.....	14
2.3 Kommenterar til artsliste og ringmerkingsliste.....	15
3. ARTSLISTE FOR FUGL PÅ FOKSTUMYRA PR. 2006	21
4. DISKUSJON	23
4.1 Flått.....	23
4.2 Dyrka mark og biologisk mangfald	23
4.3 Fokstugu Ornitologiske Stasjon	23
4.4 Nye artar av sommarfuglar og andre insekt, mosar, lav osv.	24
4.5 Raudlista fuglar observert Fokstummyra 2006	24
4.6 Problemet raudrev / trane	24
4.7 NSB og Fokstummyra Naturresevat.....	25
5. TAKK	25
6. LITTERATUR	25

1. LITT OM FELTSESONGEN

1.1 Vår

12 mai-14.mai

(KMS): Med grøn lauvskog og grønne marker heime på Sunnmøre, var det eit anna syn ein blei møtt av på Fokstugu. Dei store, dyrka markene var for det meste snøfrie, men framleis brune, og lauvskogen rundt om viste enno ikkje teikn til å ville sprette ut. Til det var det nok for kaldt. Om natta og utover formiddagen var det kuldegrader dei fleste dagane. Temperaturen var ned i 6 grader minus. Men periodevis var det fint solskin sjølv om det ikkje var så mykje varme i sola enno. I store område rundt snøfangarane til NSB låg der til dels tjukke snødriver. Men vårstemning var der. Opp til 25 våryre *heilo* beita heile dagane på markene, i lag med to-tre par av *vipe* og ein *storspove*, som stundom tok til vengane for å la si sterke trille lyde ut over landskapet. Nærmaste slektningen, *småspoven*, spelte fleire stader ute på myra. Der kunne ein også stadig høyre *tranene*, medan *enkeltbekkasinen* gjorde lite ut av seg. Denne arten, som tidlegare skal ha vore ein karakterart for området, nærmast glimra med sitt fråver. Nokre få *grønstilk* og *gluttsnipe* var også komne, og blanda seg inn i koret med songflukta si. I grålysninga kvar morgon kunne fleire *lirypesteggar* høyrast ute på myra, der isen enno dekte mesteparten av vatna. Fleire *fiskemåsar* gav også lyd frå seg derifrå, i lag med kurringa til ei einsleg *ringdue*, kvar ho no heldt hus. *Stokkandpar* gjekk rundt på markene på Fokstugu, sikkert på jakt etter grønne spirar blant alt det visne graset.

Det var mindre med snø i nettområda samanlikna med 2005, så det var berre å begynne å setje opp netta. Telen hadde enno ikkje hadde sleppt taket, så sjølv spett var det liten hjelp i under det arbeidet. Spesielt spennande var det å prøve ein ny rekke med nett heilt inn til dyrkamarka. Etter kvart viste denne nye nettrekka seg å bli ein suksess. Då netta stod klare, dukka småfuglane opp, den eine etter den andre. Dei hang plutselig i netta, sjølv om dei ikkje gjorde så mykje ut av seg elles. *Heiplierka* var den ein la mest merke til. Fleire flokkar, som beita på markene, var på over 20 individ. 33 individ fanga og ringmerkt viste at ho tydeleg var på trekk. Småflokkar av *sivsporv* var ofte å sjå, dei inneheldt mest hannar. Av 16 *sivsporv* som blei fanga inn, var berre to hoer. Det var tydeleg at hannane var komne først for å etablere revir. *Lauvsongaren* gjorde ikkje så mykje ut av seg, men likevel hang seks individ i netta, den første allereie same kvelden medan netta blei sette opp. To *jernsporv* blei også fanga inn. Dei høyrde nok til i området, for begge hadde ring frå året før. Fleire *gråsisik* og *brunsisk* hang i netta i lag med *bjørkefink*, *raudvengtrast*, *gråtrast* og ein einsleg *steinskvett*. For å gjere småfuglbiletet komplett, var også *blåstrupen* komen, om enn ikkje i store mengder enno. Fire hannar fekk ring på seg. I løpet av desse dagane blei 81 fuglar av ulike artar fanga. Eit uventa godt resultat for å vere om våren. Heile 16 av desse hadde ring frå tidlegare sesongar. Dei var tydelegvis komne heim.

Av rovfugl blei *tårnfalk* og *dvergfalk* av og til sett, medan ein vakker *myrhaukhann* sveipa over markene på Fokstugu om morgonen den 13.

Litt uventa blei eit ferdigbygt *gråtrastreir* funne like ved jernbanestasjonen. Der kom aldri ungar i det. Sikkert røva av kråkefugl. To *linerler* var stadig å sjå.. Når ein tek med to *starar*, og mykje *ramn*, *kråke* og *skjor*, skulle alle artane sett denne helga vere nemnde.

Ein rundtur midt på dagen den 13. mai, i lag med Ola Tovmo frå Dombås, nordover til Lesjabekk / Vålåsjøen, viste at andre artar også var komne. Fleire *storlommar* blei sett i småvatna langs vegen, saman med ender som *siland*, *brunnakke* og *toppand*. Ei forseinka utfarga *songsvane* låg i sørenden av Vålåsjøen og ladda opp batteria på vegen vidare mot nord.

19-21.mai

(KJG og KMS): Denne helga var mildare enn den førre. Det var tydeleg at talet på *blåstrupe* og *lauvsongar* hadde auka. *Heiloa* var forsvunnen frå markane. Også *heiplerka* var fordufta. Dei var nok gått lenger opp i fjellet pga mildveret. Flokkane med *sivsporvhannar* var også vekke. Nettfangsten var dårleg. Det markerte trekket som kunne observerast sist helg var over. Fuglane var nok gått ut i revira sine. Denne helga nytta vi derfor høvet til å køyre rundt for å observere og fange blåstruper.

25-28. mai

(KJG og KMS): Laurits Fokstugu kunne fortelje oss at to dagar før vi kom, hadde det vore 10 cm snø. Han var no smelta vekk i Fokstumyrområdet, men der var tydeleg meir snø å sjå høgre oppe i fjellet enn der var siste helg. Det var nok derfor at 20 heilo var komne tilbake på markane på Fokstugu. Helga før var der ingen. Ein meir sjeldan gjest, ein *gulsporv*, gjekk og beita på nyaste gjenlegget på Fokstugu. *Gauken* kunne ein stadig høyre, og no var det tydeleg meir *blåstrupe* enn sist helg også. Som vanleg gjekk der *stokkender* og beita på markene på Fokstugu, men no berre hannar. Hoene låg nok på egg. På same staden var der ein liten flokk på fem *brushøner* som leitte etter mat den 27. mai. Denne arten har gått tilbake over alt i hekkeområda, og er no komen på raudlista. Kvar kveld og morgon kunne buldringa av *orrhanar* høyrast i det fjerne. Siste dagen vart to reir av *kråke* med nyklekte ungar funne. Elles var *fossefallreiret* under brua på Foksåa røva av kråkefugl, sannsynlegvis av *skjor*. Pga herjingane til skjora året før, var der ikkje ei einaste *taksvale* å sjå på Fokstugu, der det gjennom svært mange år har vore ein stor koloni. *Skjora* har tydelegvis utrydda hekkebestanden der. Elles blei ei utfarga *havørn* sett ved Nysætri då vi var ute på ein fangst- og observasjonstur, der blåstrupen som vanleg blei prioritert.

1.2 Sommar- og haust

17-19. juli

(KMS og Håkon Orten Trovåg): Vi drog til Fokstugu for prøvefangst. Netta blei sette opp for sesongen, og fangsten var absolutt brukbar, der ungfuglane var komne godt i gang i utviklinga. At vi fekk 40 *blåstruper* lova godt. Det blei bestemt at vi skulle begynne fangstsesongen om ei veke. Fem *myrhaukunar* og tre *dvergfalkunar* blei ringmerkte. Tårnfalken var ikkje å sjå lenger. Hekkinga var tydelegvis mislukka denne sesongen. *Ringdueflokkar* på opptil sju blei observerte. Ein flokk *tårnseglarar*, som stadig sveipa over oss, var på omtrent same storleik. Det mest negative var likevel at dei to *traneungane* ute på myra var forsvunne. Var raudreven skuldig i det?

25. juli- 02. august

(KJG og KMS): Flott ver i perioden, Det var skodde på myra om natta, så det var vanskeleg med fangsten tidleg på morgonen, då netta blei fylte med vassdropar stadig vekk. Vi måtte gå rundt og riste netta heile tida. Likevel tydde alt på at mange småfuglartar hadde hatt ein god hekkesesong. Dette galdt for eksempel for *blåstrupe*, *lauvsongar*, *heiplerke*, *gulerle* og *sivsporv*. Spesielt dei to sistnemnde artane var talrike i denne perioden. Også *linerla* hadde hatt ein god sesong. Ein *grashoppesongar* sat og song i eit vierkratt ute på myra 27. juli. Same dato vart 13 *viper* sett på Fokstugu gard. Første *hagesongaren* gjekk i nettet den 25.07. To dagar etter hang dei to første *gulsongarane* der, og dei tre første *grønsisikane*. To ungfuglar av *kjotmeis* fanga 26. og 28. juli skulle kunne tyde på hekking i nærområdet. 31.07 var der store mengder med *gulerler* som beitte på markene. Dagen etter var mesteparten vekke. Dei var sikkert allereie på sørtrekk. Ei ung *skogsnipe* blei fanga i kanalen der vi sette opp nett med tanke på vadarar. 230 *blåstrupe* vart ringmerkt

denne perioden. Beste fangstdagen i denne perioden var 30.juli, med 280 ringmerkte fugl, der *lauvsongar* og *sivsporv* dominerte.

03. august – 15.august

(KMS og delvis Einar Selvåg frå Karmøy RG, Egil Soglo frå Tønsberg RG / Store Færder OS og Georg Bangjord frå Sør-Trøndelag RG):

Første dagen i denne perioden blei starta klokka 03.30. Vindstille og bra fangstver. Det var brukbart med *blåstrupe* og *sivsporv*. *Lauvsongaren* var heilt klart begynt på trekk. Heile fem *kjøtmeiser* blei fanga. Først i midten av september dukka dei neste opp. Morgonen etter, 04. august, hang ei *nordflaggermus* i heisenettet, omtrent på same staden som vi fekk tre stykke året før. Det var dårleg fangst denne morgonen, noko som kanskje kom av at der sannsynlegvis var rovfugl i området, utan at desse blei sett. 06. august var det brukbar fangst (168 ringmerkte) medan ein dagane rundt der periodevis måtte innstille fangsten pga av dårleg ver. Om kvelden blei nokre få *låvesvaler* observerte over netta. Avspeling av lyd gjorde at ei vaksen hoe hamna i nettet. Det var første ringmerking på Fokstugu av den arten. 07.august kom første *trepplerka* i nettet. Dagen etter ei til. Då lydfangst etter kvart blei starta på den arten, viste det seg at eit godt trepplerketrekk går over Fokstumyra. I løpet av sesongen blei 146 individ fanga. Beste fangstperioden viste seg å vere frå ca. 10. august og ut månaden. Då var trekket omtrent slutt. I september blei berre fem fanga, fram til 16.september. Denne arten har dårleg gjenfunnsmateriale . Derfor vil trepplerka bli ein av satsingsartane på Fokstugu, i lag med blåstrupen. Om andre artar også vil bli satsa spesielt på på Fokstugu, er litt for tidleg å seie enno. 10. august hang ein ung *gjerdesmett* i nettet. Vi har tidlegare trudd at alle gjerdesmettar var fanga på forbitrekk. Tidleg tidspunkt og ei typisk dårleg ungfugldrakt tydde på at fuglen måtte vere klekt i nærområdet ikkje så lenge før. Denne dagen var det periodevis ganske sterk nedbør for å vere på Fokstugu. Mellom klokka 10 og 13 kom 10 mm (Laurits Fokstugu). Den 11. august skjedde det noko med *blåstrupen*. Der var meir fugl enn på lenge, og det var lite med kontrollar. Frå no og ut månaden var det rikeleg med blåstrupe i netta tidleg på morgonen berre vergudane var på vår side. Og dei talrike blåstrupane med ring, som brukte å sitje på gjerda mellom dyrkamarka og Fokstumyra Naturreservat, fordufta etter kvart. Dei var nok på veg mot søraust. 12. august blei årets niande og siste *gulsongar* fanga. Denne arten dreg tidleg ut av landet. Elles blei ein av få *varslarar* for året sett ved jernbanestasjonen. Same dag blei årets første *møller* og *bokfink* fanga. Dei fekk selskap av årets første *sivsongar*. Vi har dei tre foregåande åra fått ein sivsongar kvart år. Kvoten blei dette året fordobla då endå eit individ besøkte netta 02. september. 14. august dukka årets første *munk* opp, medan det dagen etter hang ny ringmerkingsart for Fokstugu i nettet, ein *tornsongar*. Same dag blei også ein *buskskvett* fanga, einaste registreringa av den arten i 2006. *Svartkvit flugesnappar* var også på topp desse siste dagane i denne perioden, med seks individ den 12. og fem den 14. Vanleg fangsttal for denne arten var ein pr dag, viss nokon blei fanga i det heile.

18.-20. august

(KMS, delvis Egil Soglo): Ankom fredag kveld den 18. Blåstrupen var den dominerande arten i netta denne helga. Den 19. var ein brukbar fangstdag med 71 *blåstrupe*. Dagen etter 103 av denne arten. *Trepplerka* var også på topp med henholdsvis 27 og 30 ringmerkingar. Første *enkeltbekkasinen* for året hamna i eitt av netta i kanalen. Berre ein til blei fanga seinare, i oktober. Men sju individ i ein flokk passerte over fangstplassen same dagen, eit meir uvanleg syn i 2006.



Hønsehauk Fokstugu 19.08.2006. (Foto Laurits Fokstugu)

Ei ung *hønsehauk* blei fanga den 19. Same dag sette rovfuglspesialisten Egil Soglo seg til i tre timar (mellom klokka 11.30 til 14.30) i overgangen mellom vierkratta og dyrkamarka (like ved netta) for å observere rovfugl på trekk. Det gav overraskande resultat: tre *spurvehauk*, 1 *tårnfalk* og 1 *jaktfalk* observerte han på den tida. Dette viser tydeleg at der er potensiale for rovfuglobservasjonar under trekket på Fokstugu. To *gråflugesnapparar* blei fanga denne helga, dei einaste dette året. Om lag 470 fugl blei ringmerkte desse dagane.

25.-27. august

(KMS og Håkon Orten Trovåg): Den 26. var årets toppdag for *blåstrupe* med 124 ringmerkingar. Dagen etter blei 102 fanga. Tre *raudstrupe* viste at den arten hadde starta opp med trekket så vidt, og den første *gransongaren* hamna også i nettet. Vanlegaste artane denne helga, utanom blåstrupe, var *lauvsongar*, *heipiplerke*, *sivsporv*, *gråsisik* og *brunsisik*. 24 artar blei fanga, nest beste helga med tanke på det, og 26. august var så langt beste fangstdagen nokon sinne på Fokstugu med 310 ringmerkingar.

01.-03. september

(KMS og KJG): Ei av dei få jorduglene vi såg i sesongen, var ute og jakta i skyminga då vi var nede og prøvde å fange litt like etter at vi var komne. Det var tydeleg at musebestanden auka utover seinsommaren og hausten, etter samanbrotet på seinsommaren 2004.

Det starta ganske lovande tidleg på morgonen 02. september. 33 *blåstrupe* og nesten like mykje *sivsporv* fekk ring rundt foten. Det var meir *sivsporv* å sjå enn på lenge. Seks *munk* var meir enn det vi hadde ringmerkt totalt tidlegare i sesongen. Årets siste to *møller* gjekk i nettet, og andre *sivsongaren* for året. Fem *raudstrupe* vitna om at den arten var iferd med å begynne trekket. Men fangsten denne helga blei kraftig amputert. Ut på ettermiddagen 02. september var det berre å pakke saman pga sterk nedbør og vind. Oppe på Fokstugu gard trippa minst fem *linerler* omkring i lag med ein *lappsporv*. Fire *viper* og fire *ringduer* heldt enno stand på same stad. Fire *traner* passerte i retning Dombås. Veret var det same neste dag, så det var berre å sikre netta og kome seg heim. 143 fuglar fekk ring denne helga.

08-10.september

(KMS): Heile helga var prega av eit flott fangstver. *Tranene* var stadig å høyre ute på myra. No var det nesten ikkje *blåstrupe* igjen. Berre sju individ blei ringmerkte. Kvar dag blei *storfalkar* observerte. Søndagen var årsbeste for *sivsporven* med 98 ringmerkte, dagen før blei 35 fanga. Trekket var tydelegvis på topp hos denne arten. Også andre artar var det rekordfangst av og tydeleg trekkaktivitet: *heipiplerka* slo til med 45 og 77 desse to dagane som begge var årsbeste for denne arten, medan *raudstrupe* fekk førebels beste resultat for året med 46 ringmerkte. To *sporvehaukar* hamna i netta, der dei tydeleg vart lurte av lokkelyd vi spelte av enkelte småfuglartar. Største overraskelsen denne helga var ein *gulbrynsongar* som hang i netta om morgonen 10.september. Dette er ganske tidleg ankomst av denne sibirske arten. 389 fugl blei ringmerkte denne helga.

15-17. september

(KMS): Nokon fangst på ankomstdagen var ikkje mogeleg pga. at det var tidleg mørkt. Det var berre å bere på plass fangstutstyret så alt var klart til neste morgon. I loggen denne morgonen blei det skrive: "Beste fangstforhold på Fokstugu nokon sinne. Kjempever ! Overskya, vindstille, 12 – 15 plussgrader." Og det slo til. Det "hagla" med *jernsporv*. 91 blei ringmerkte. Det var nesten halvparten av det som blei ringmerkt heile sesongen. 63 *sivsporv* viste at den arten framleis var på fullt trekk. *Raudstrupen* sette denne dagen førebels dagsrekord med 56 ringmerkte. Det same gjorde *gransongaren* med 16 individ, medan den nære slektningen av han, *gulbrynsongaren* slo til med nummer to for året. Første *fuglekongen* dukka også opp. Sjølv om det var snakk om berre fire av kvar art, blei det også beste dagsnotering for *bokfink* og *grønsisik*. *Bjørkefinken* slo til med 33 individ. *Gråsisiken* var heller ikkje heilt vekke med 83 ringmerkte. Det som var nytt med denne arten, var at det no var dukka opp større og lysare former. Fleire av desse var i nærleiken av polarsisik og andre kom inn under den langnebba forma. Dei enorme frømengdene på bjørka dette året, kom etter kvart til å spele ei viktig rolle med tanke på denne arten. Årets to siste *låvesvaler* (ungfuglar) passerte fangstområdet på si ferd mot Afrika, og dei to siste *blåstrupane* for året blei fanga. Tredje og siste *sporvehauk* vasa seg inn i eitt av netta og blei ringmerkt. På Fokstugu gard gjekk den siste *linerla* og trippa heile helga. Helga etter var ho vekke. To *kjømteis* dukka opp i netta. Denne arten hadde ikkje vore å sjå på ein og ein halv månad. Totalt blei nøyaktig 400 fuglar ringmerkte denne dagen, ny dagsrekord så langt. Talet på fanga arter denne helga var 25, beste noteringa det året.

Laurdagsmorgonen var litt vemodig også. *Tranene*, som vi dagleg hadde høyrte og/eller sett frå første dagen vi kom om våren, hadde no funne ut at tida for avreise var inne. To fuglar skrudde seg stadig høgre oppover i store sirkclar, for deretter å setje kursen mot sør. No blei det stilt ute på myra. Det var tydelegvis oppbrot av traner over heile fylket. Thor Østbye kunne fortelje at 812 traner var sett i Oppland denne helga.

Søndagen slo til med tjukk, fuktig skodde. Ho låg heilt til 13-tida. Teke forholda i betraktning, som det heiter, må 164 ringmerkte på ein slik dag vere tilfredsstillande. Ein ny ringmerkingsart for Fokstugu dukka opp, ein ung hann av *bergirisk*. Elles var det dei vanlege artane, med brukbare fangsttal av *raudstrupe*, *gransongar*, *munk*, *sivsporv*, *heipiplerke* og *gråsisik*. Ei *lauvsongarhoe*, den siste som blei fanga denne sesongen, var framleis i sterk myting. Ho måtte tydelegvis ha hatt seint kull sidan ho var så forseinka. Viss ein ikkje hadde visst betre, kunne ein denne helga begynne å lure på om der var fleire heimevernstroppe som øvde på spreidd orden i fjellområda ovanfor Fokstugu gard. Rypejakta var begynt, og det small heile tida. Kan verkeleg ein fugleart motstå eit slikt enormt jaktpress i det lange løp? Denne helga, i skyminga, kom fleire flokkar med *gråsisik/brunsisik* og landa inne i vierkrattet i reservatet, tydelegvis for å overnatte der. Tog som passerte forbi, uroa heilt klart desse fuglane, for dei flaug vekk igjen. At toga stadig forstyrta fuglane var elles vanleg å sjå heile

sesongen. Skal ikkje eit reservat vere ein fristad for fuglane, der dei kan ete og kvile seg? Så lenge toga går over Fokstumyra, vil ikkje myra vere fullverdig som fuglereservat.

22-24. september

(KMS): Ein av karakterartane for Fokstumyra, *sivsporven*, var framleis brukbart representert. Til saman 77 individ blei ringmerkt denne helga. *Raudstrupen* hadde også godt trekk enno, med 81 ringmerkte. I løpet av helga blei 46 *heipiplerker* fanga. Helga etter var arten omtrent ikkje å sjå. På laurdag 23. var det vindstilt fram til middagstider. Då kom det ein kraftig sørvestleg vind, så eit ganske livleg trekk stoppa opp. Før det begynte å blåse, var det for eksempel eit stort trekk av *bjørkefink* mot sør. Det første teikn til trastetrekk blei observert då ein flokk på 20-30 individ, mest *gråtrast* og nokre *raudvengtrast*, passerte. I netta kom der over 30 *bjørkefink*. *Gråsisiken* var enno i ein beskjedne fase, berre 60 individ blei fanga denne helga. *Brunsisik* blei det 25 av. Ein ny art for Fokstumyra dukka opp, *svartmeis*. Ikkje akkurat uventa, men det var greitt å få arten registrert. Dei tre første *blåmeisene* for året hang i netta, og i løpet av dagen blei to *gulbrynsongar* fanga. Ny dagsrekord for *munk* blei sett med sju individ. Den siste *hagesongaren* for året blei fanga den 23. *Gjerdsmetten* slo til med fire, som er det meste fanga på ein dag. Rundt 400 fuglar blei ringmerkte denne helga.

29. september – 01. oktober

(KMS): For første gong denne sesongen var netta frosne. Det gjorde sjølvsagt at fangsten tidleg om morgonen var dårlegare enn kva han kunne ha vore. 85 *gråsisik* og 69 *brunsisik* gav varsel om at noko var i gjære hos desse artane, og det utan at lokkelyd var brukt. 12 *sivsporv* blei hanka inn. Trekket var tydelegvis snart slutt for denne arten også. *Bjørkefinken* var framleis vanleg. Dagsrekord på 68 individ lar seg gjerne høyre. Dei siste fem *munkane* for året blei fanga inn, og 64 *raudstrupe*. Dette var siste helga med brukbart tal av denne arten. 20 *gransongar* blei ringmerkt i løpet av helga, seinare var også *gransongaren* svært fåtalig. Den femte og siste *gulbrynsongaren* for sesongen blei fanga 30. september, same dag som ein ny art for Fokstumyra blei registrert, *trekrypar*. Også denne arten var venta, så det var greitt å få han registrert til slutt. *Staren* var svært fåtalig på Fokstugu denne sesongen, i motsetnad til sommaren før, då 200-300 i ein flokk blei observert over ein lengre periode. Tre individ landa ved eine heisenettet 01. oktober. Utruleg nok klarte ein av desse å flyge inn i nettet då dei tok til vengane. Dette er ny ringmerkingsart på Fokstugu. I skumringa om kvelden sat ein *orrhane* og buldra ovanfor Fokstugu gard. 360 fugl blei ringmerkte denne helga.

07. oktober- 15. oktober

(KMS og delvis Georg Bangjord med familie):

Dei to første dagane av haustferien var prega av dårleg ver. Berre 57 ringmerkte talar for seg. Andre funnet av *svartmeis* var det mest interessanne dei dagane. Den 09. var veret bra. Einaste *krikkanda* ringmerkt for året flaug i heisenettet som sto over kanalen, nettopp plassert der for å ta inn fuglar som søkjer mot vatn.



Krikkand Fokstugu 09.10.2006. (Foto: Kjell Mork Soot)

Gråsisiken og *brunsisiken* dominerte, og det kom desse artane til å gjere dagane framover. I løpet av denne veka blei det ringmerkt 2180 *gråsisik* og 415 *brunsisik*. 11. oktober var ”verste” dagen med 428 *gråsisik* og 95 *brunsisik*, som var dagsrekordar for begge artane. Heilt klare *polarsisikar*, fire individ, dukka opp denne første godversdagen. Totalt blei 20 *polarsisik* fanga i løpet av veka. Eg har aldri sett slike frømengder på bjørk nokon sinne som det bjørkene på Fokstugu hadde. Enkelte tre var nærmast mørkebrune av frøraklar.

Den 10. blei to *kaier* sett flyge mot sør. Dette er andre registreringa av den arten på Fokstummyra. Spreidde *songlerker* blei observert på dyrkamarkene gjennom heile haustferien, der graset no var beita kraftig ned av sauene, og var tydeligvis ideelt for denne arten. I same veka i 2005 var denne arten også observert på markene. Enkelte *heipiplerker* blei observert i løpet av haustferieveka, den siste blei fanga den 11. *Sivsporv* blei det totalt fanga fem av , den siste 12. oktober, same dato som siste *gransongaren* var i nettet. Den 13. var ingen ulykkesdag: Om formiddagen blei ein flokk på rundt 20 *sidensvans* observert. Dette var ny art for Fokstummyra. Nokre få timar etter var det klart for enno ein ny art, *vintererle*. Ho hang rett nok i eit nett som var spent over dreneringskanalen, men dette var fullstendig uventa. Siste *bokfink* for året blei også fanga denne dagen. Siste *måltrast* og *jernsporv* hamna i nettet den 14.10. Enkelte dagar passerte tusenvis av trast Fokstugu, spesielt mange *gråtrast*. Fokstugu har vist seg å vere ein spesielt god fangstplass også for trast. Beste dagen var den 13. oktober då 98 *gråtrast* fekk ring. Dei to neste dagane vart 70 og 56 ringmerkte. I haustferien blei 291 *gråtrast*, 52 *raudvengtrast* og 6 *svartrastar* ringmerkte. Det var litt uventa at så få *svartrastar* dukka opp, for denne arten har ei sterk sørvestleg orientering, der hovudovervintringsområdet er Storbritannia. Oppskrifta for å få ringmerkt mange trast på Fokstugu er enkel. På dagar med massivt trastetrekking trengs det fleire ringmerkarar der for å få ut fuglane og kome seg vekk frå netta så nye fugl kan gå i. Denne gongen var vi så heldige at Georg Bangjord stilte opp akkurat til rett tid. Utan hans hjelp hadde ringmerkingstalet av trast blitt mykje mindre. Tilbake til *sidensvansane* observert den 13. oktober. Nettopp med tanke på denne arten blei eit par rognebærtre på Hareid ribba for bær, for rognebær finst ikkje på Fokstugu. Etter observasjonen av *sidensvansane* blei bæra hengt opp rundt det største heisenettet og *sidensvanslyd* blei spelt. Det var ingen *sidensvans* å sjå dagen etter observasjonen, men den 15. kom eit par flokkar forbi, og fem fuglar flaug i netta på jakt etter bær.



Sidensvans, Fokstugu, 15. oktober 2006 (Foto Kjell Mork Soot)

Denne dagen blei den andre og siste *enkeltbekkasinen* for sesongen fanga. Eit uventa dårleg resultat for denne arten.

I løpet av haustferien blei 3393 fuglar ringmerkte. Trekker ein frå den enorme invasjonen av gråsisik og brunsisik, blei 800 fuglar, fordelt på 21 artar, ringmerkte, ikkje så verst for å vere langt ut i oktober.

20-22.oktober

(KMS). Så pass seint i oktober kan ein risikere at netta er rima og beinfrosne. Dette var ikkje tilfelle i denne gongen, men lav skodde 21. oktober gjorde sikkert fangsten dårlegare enn kva han ville ha vore elles. Om morgonen var temperaturen +1,5 grader, aukande til max +3,8 grader ut på dagen. Det var kanskje skodda som gjorde at fuglane trekte rett mot aust så lenge ho låg der. Dei over eitt tusen trastane for i den retning. Det same gjorde fleire flokkar med *gråsisik*, og også *sidensvans*. Ein flokk på ca. 30 *sidensvans* landa i trea rundt der rognebæra hang og ni for i nettet. I skyminga passerte rundt 20 *sidensvans* i sørleg retning. Ein *dvergfalk*, som tydelegvis reagerte på lokkelydane som blei spelt, hang plutselig i eitt av netta. Om morgonen blei 30 *gråtrast* ringmerkte i lag med to *raudvengtrast*. I løpet av dagen blei 146 *gråsisik* og 3 *brunsisik* ringmerkte. Ein einsleg *bjørkefink* hamna i nettet, den einaste i helga.

Dagen etter blei ingen *sidensvans*flokk sett, men eit enkelt individ hang plutselig i nettet der bæra var. Gråsisik var der meir av rundt om i terrenget, og 250 bli ringmerkte, i lag med 10 brunsisik og to *polarsisik*. *Gråtrast* blei det 21 av og *raudvengtrast* sju. Ei *kjõtmeis* fekk ring. I lag med henne var ei anna som var ringmerkt 14 dagar før. Litt uventa hadde to *blåmeis* ring også frå to veker før.

Denne helga blei 485 fuglar ringmerkte.

03. november – 04. november

(KJG og KMS): Helga før var det svært vinterleg på Fokstugu, så vi heldt oss heime. Denne helga såg vi oss nøydd til å reise til Fokstugu for å berge netta og utstyret elles. Vi såg det som lite formålstenleg å satse stort på merking på grunn av snøen, og også fordi det periodevis bles ein forholdsvis sterk vind. Lyd for gråsisik og lyd og bær for *sidensvans* blei

rigga opp, medan vi så smått begynte å ta ned netta lengst unna lyden. Dei gråsisikane som var der, unngjekk stort sett netta fordi dei var lette å sjå mot snøen. Berre 13 blei fanga. Litt gråtrast trekte enno forbi og ein hamna i netta. *Sidensvansen* passerte det meir av enn det vi hadde registrert tidlegare i sesongen.. Det var vanskeleg å få oversikt over talet, for dei sette seg ofte lågt i den tette vegetasjonen, men ni blei ringmerkte. Etter at netta var nedtekne og alt utstyret var lasta i bilen, besøkte vi raudrevhia vi oppdaga året før og som ligg like ved jernbanestasjonen. Der var mengdevis av spor rundt alle hi-nedgangane. På tilbakeveg frå hia, oppdaga vi plutselig ein fugl som sat og beita på einebær. Det var ein gammal *konglebit-hann*, ny art for Fokstumyra. Dette var femte nyregistrerte fugl for Fokstumyra i 2006, og art nummer 168 for den lokaliteten. Observasjonen av denne ultra-nordiske fuglen, i lag med sidensvansane, gjorde at denne siste turen for året blir rekna som svært vellukka.

2. RINGMERKING

2.1 Ringmerkingsresultat 2003-2006

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2005</u>	<u>Pull</u> <u>2006</u>	<u>Eg.</u> <u>2006</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2006</u>	<u>Totalt</u>
Krikkand <i>Anas crecca</i>	1	-	1	1	2
Myrhauk <i>Circus cyaneus</i>	4	5	-	5	9
Hønehauk <i>Accipiter gentilis</i>	1	-	1	1	2
Sporvehauk <i>Accipiter nisus</i>	3	-	3	3	6
Dvergfalk <i>Falco columbarius</i>	2	3	1	4	6
Enkeltbekkasin <i>Gall. gallinago</i>	8	-	2	2	10
Rugde <i>Scolopax rusticola</i>	1	-	1	1	2
Skogsnipe <i>Tringa ochropus</i>	-	-	1	1	1
Strandsnipe <i>Actitis hypoleucos</i>	1	-	-	-	1
Perleugle <i>Aegolius funereus</i>	1	-	-	-	1
Tårnseglar <i>Apus apus</i>	-	2	-	2	2
Vendehals <i>Jynx torquilla</i>	1	-	-	-	1
Flaggspett <i>Dendrocopus major</i>	1	-	-	-	1
Dvergspett <i>Dendrocopus minor</i>	1	-	-	-	1
Låvesvale <i>Hirundo rustica</i>	-	-	1	1	1
Trepiplerke <i>Anthus trivialis</i>	27	-	146	146	173
Heipiplerke <i>Anthus pratensis</i>	952	-	649	649	1601
Gulerle <i>Motacilla flava</i>	23	-	39	39	62
Vintererle <i>Motacilla cinerea</i>	-	-	1	1	1
Linerle <i>Motacilla alba</i>	-	-	2	2	2
Sidensvans <i>Bombycilla garrulus</i>	-	-	24	24	24
Fossefall <i>Cinclus cinclus</i>	3	-	-	-	3

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u> <u>2003-</u> <u>2005</u>	<u>Pull</u> <u>2006</u>	<u>Fg.</u> <u>2006</u>	<u>Tilsaman</u> <u>2006</u>	<u>Totalt</u>
Gjerdsmett <i>Trogl. troglodytes</i>	5	-	9	9	14
Jernsporv <i>Prunella modularis</i>	190	-	191	191	381
Raudstrupe <i>Erithacus rubecula</i>	204	-	359	359	563
Blåstrupe <i>Luscinia svecica</i>	1333	-	1168	1168	2501
Svartraudstjert <i>Ph. ochruros</i>	1	-	-	-	1
Raudstjert <i>Phoen. phoenicurus</i>	27	-	20	20	47
Buskskvett <i>Saxicola rubetra</i>	2	-	1	1	3
Steinskvetvett <i>Oenanthe oenanthe</i>	4	-	2	2	6
Svarttrast <i>Turdus merula</i>	12	-	8	8	20
Gråtrast <i>Turdus pilaris</i>	72	-	358	358	430
Måltrast <i>Turdus philomelos</i>	31	-	20	20	51
Raudvengtrast <i>Turdus iliacus</i>	76	1	115	116	192
Sivsongar <i>Acroc. Schoenobaenus</i>	3	-	2	2	5
Gulsongar <i>Hippolais icterina</i>	6	-	9	9	15
Hauksongar <i>Sylvia nisoria</i>	1	-	-	-	1
Møller <i>Sylvia curruca</i>	14	-	9	9	23
Tornsongar <i>Sylvia communis</i>	-	-	1	1	1
Hagesongar <i>Sylvia borin</i>	17	-	15	15	32
Munk <i>Sylvia atricapilla</i>	24	-	35	35	59
Gulbrynsongar , <i>Ph. inornatus</i>	1	-	5	5	6
Gransongar <i>Phyllosc. collybita</i>	34	-	64	64	98
Lauvsongar <i>Phyllosc. trochilus</i>	1118	-	1099	1099	2217
Fuglekonge <i>Regulus regulus</i>	118	-	6	6	124
Gråflugesnappar <i>Musc. striata</i>	2	-	2	2	4
Svartkvit flugesn. <i>F. hypoleuca</i>	12	-	22	22	34
Granmeis <i>Parus montanus</i>	28	-	19	19	47
Svartmeis <i>Parus ater</i>	-	-	2	2	2
Blåmeis <i>Parus caeruleus</i>	18	-	9	9	27
Kjødmeis <i>Parus major</i>	35	-	29	29	64
Spettmeis <i>Sitta europaea</i>	1	-	-	-	1
Trekrypar <i>Certhia familiaris</i>	-	-	1	1	1
Varslar <i>Lanius excubitor</i>	1	-	-	-	1
Stare <i>Sturnus vulgaris</i>	-	-	1	1	1
Pilfink <i>Passer montanus</i>	2	-	-	-	2
Bokfink <i>Fringilla coelebs</i>	15	-	13	13	28
Bjørkefink <i>Fring. montifringilla</i>	81	-	303	303	384
Grønfink <i>Carduelis chloris</i>	4	-	11	11	15
Grønsisik <i>Carduelis spinus</i>	10	-	30	30	40
Bergirisk <i>Carduelis flavirostris</i>	-	-	1	1	1

<u>Art</u>	<u>Ringmerkt</u>	<u>Pull</u>	<u>Fg.</u>	<u>Tilsaman</u>	<u>Totalt</u>
	<u>2003-2005</u>			<u>2006</u>	
Gråsisik <i>Carduelis flammea</i>	656	-	3140	3140	3796
Brunsisik <i>Carduelis cabaret</i>	293	-	722	722	1015
Polarsisik <i>Carduelis hornemanni</i>	1	-	20	20	21
Rosenfink <i>Carpod. erythrinus</i>	2	-	-	-	2
Grankorsnebb <i>Lox. curvirostra</i>	1	-	-	-	1
Dompap <i>Pyrrhula pyrrhula</i>	2	-	-	-	2
Lappsporv <i>Calcarius lapponicus</i>	1	-	-	-	1
Gulsporv <i>Emberiza citrinella</i>	1	-	-	-	1
Dvergsporv <i>Emberiza pusilla</i>	1	-	-	-	1
Sivsporv <i>Emberiza schoeniclus</i>	733	-	802	802	1535
Totalt 71 artar (54 artar i 2006)	6223	11	9495	9506	15729

For 2006 er inkludert er 5 myrhauk., 3 dvergfalk, 17 blåstrupe og 8 lauvsongar som er ringmerkt på andre stader enn sjølve Fokstugu, men alle i Dovre kommune. (Utanfor grensene av Fokstummyra Naturresevat).

2.2 Gjenfunn og kontrollar av fuglar på Fokstugu i 2006

Seks funn er blitt rapportert i 2006. På Stavanger Museum vil datasystema bli heilt omlagde like etter årsskiftet. Derfor er fuglar ringmerkte 2006 enno ikkje komme inn i systemet.

Teiknforklaringar:

F	hoe
M	hann
1K	ungfugl, ringmerkt i første leveår / kalendarår.
x	funnen død
w	drepen mot vindauge
f	funnen død, fersk
xk	drepen av katt
vR	kontrollert av ringmerkar
1-1-26	Funnen etter 1 år, 1 måned og 26 dagar.

Hønehauk, *Accipiter gentilis*

CA17843 F1K 20.08.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
 xwf 10.01.2006 Rolvsøy, Fredrikstad, Østfold. 331 km SSE. 0-4-20.

Raudstrupe, *Erithacus rubecula*

5E28597 1K 02.10.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
 vR 15.10.2005 Greifwalder Oie, Rostock, TYSKLAND. 916 km SSE. 0-0-13.

Blåstrupe, *Luscinia svecica*

5E90066 M1K 28.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
 xkf 22.08.2005 Lora, Lesja, Oppland. 31 km W. 0-0-25.

Gråsisik, *Carduelis flammea*

5H26938 1K 25.09.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
 vR 05.11.2005 Bingsmarken, Malmöhus, SVERIGE. 787 km SSE. 0-1-10.

Sivspurv, *Emberiza schoeniclus*

5E25361 F1K 29.08.2004 Fokstugu, Dovre, Oppland
vRF 25.10.2005 Villeton, Lot-et-Garonne, FRANKRIKE. 2059 km SSW. 1-1-26.

5E90223 1K 31.07.2005 Fokstugu, Dovre, Oppland
vRM 15.04.2006 Tilburg, Noord-Brabant, NEDERLAND. 1204 km SSW. 0-8-15.

2.3 Kommentarer til artsliste og ringmergingsliste

Thor Østbye (THØ) har laga ei samleoversikt over alle fuglar som er observert på Fokstummyra gjennom tidene. Denne har for oss vore til utruleg god nytte. Vi har ofte henvist til Østbys oversikt i dei to tidlegare rapportane. Fuglar som tidlegare er omtala av oss der det er henvisning til THØ (for året 2004 eller 2005, sjå litteraturlista) er berre årets observasjonar nemnde her. Er fuglen ikkje tidlegare nemnt av oss, viser vi til det Thor Østbye har skrive (i *kursiv*.)

GBA= Georg Bangjord, LFO = Laurits Fokstugu (*MERK:* Laurits har forandra etternamn, frå Sønstebø til Fokstugu), KJG= Karl Johan Grimstad, ESO= Egil Soglo, KMS = Kjell Mork Soot.

Songsvane, *Cygnus cygnus*.

Meget sjelden på trekk. 1 individ i Veltjern på Langmyre 15.06.1975 og ett individ i Søndre Horrtjern 12.05.2002. (THØ 2003). 1 ind 29.06.2003 (THØ 2005). 1 utfarga individ sett i sørenden av Vålåsjøen/ Lesjabekk 13.05. 2006 (KMS, Ola Tovmo).

Havørn, *Haliaeetus albicilla*. Eitt utfarga individ observert ved Nysætri 26.05.2006 (KJG, KMS).

Hønehauk, *Accipiter gentilis*.

Ei ung hoe fanga og ringmerkt 19.08.2006 (KMS, LFO, ESO).

Sporvehauk, *Accipiter nisus*.

Tre individ observert på forbitrekk i løpet av tre timar 19.08 ved systematisk observasjon. Totalt tre individ fanga i nett og ringmerkt 09.09, 10.09 06 og 16.09. Elles spreidde observasjonar. Sist sett 24.09. Arten ser ut til å vere vanleg på forbitrekk om hausten (KMS, ESO).

Dvergfalk, *Falco columbarius*. Eit seint individ fanga og ringmerkt 21.10.2006 (KMS).

Trane, *Grus grus*. *Siden 1800-tallet har trana hekket på Fokstummyra, og den har økt i antall på 1900-tallet. Første observasjon av Collett i 1875 og første hekkefunn i 1882. Uregelmessige observasjoner opp igjennom årene viser at hekkebestanden svinger mellom 1 til 5 par, med 2-3 par som en normal bestand. Også ikkehekkende traner kan oversomme i området (THØ 2003). Dei to hekkepara som har vore på Fokstummyra dei tre sesongane vi har vore der, har ikkje fått fram ein unge i desse åra. Paret ved Horrtjern fekk to ungar i år, men dei forsvann, den eine tidleg, den andre som halvvaktsen. Ungane blei sannsynlegvis tekne av raudrev. Sjå spesiell omtale om dette seinare .*

Brushane, *Philomachus pugnax*.

Fem hoer beita på markene på Fokstugu 27.mai. Vi såg ikkje ein einaste brushane seinare. Er fuglen i ferd med å forsvinne frå Fokstumyra? (KJG, KMS).

Enkeltbekkasin, *Gallinago gallinago*.

Allereie på 1800-tallet hekket fuglen tallrikt på myra. Fremdeles er den svært vanlig og er den klart vanligste vaderarten som hekker på Fokstumyra (THØ 2003). Vi fekk i løpet av sesongen 2006 inntrykk av at bestanden var relativt svak. Få spelande hannar blei observert i speletida, og få fuglar blei sett seinare. Som i 2005, blei flest observasjonar gjort i oktober, dette var sikkert fuglar på gjennomtrekk (m.a. minst fire 21.10) (KMS, KJG, LFO).

Storspove, *Numenius arquata*.

Meget sjelden hekkefugl. Første gang nevnt da ett par hekket i 1942. To par (ett par med påvist hekking) på myra i 1986. Siden to streif-/trekkobservasjoner fra 1989, og en fra 1996 (THØ 2003) Eitt individ spelte 12. mai og utover. Sannsynlegvis var der eit hekkeforsøk rett sør for Fokstugu gard (KJG, KMS, LFO)

Skogsnipe, *Tringa ochropus*.

En vanlig rugefugl rundt midten av 1800-tallet, men forsvant som hekkefugl i 1880-åra. I dag en meget sjeldan streiffugl på myra. Observert i 1986, 1989 og 1996 (THØ 2003). Ein ungfugl på trekk fanga og ringmerkt 31.07.2006 (KMS).

Songlerke, *Alauda arvensis*.

I veke 41, både i 2005 og 2006, blei det omtrent dagleg sett songlerker som hadde tilhald på markene på Fokstugu (KMS,GBA).Desse markene er på denne tida pussa godt ned av sauene, og er kanskje ekstra tiltrekkande for songlerka då .

Låvesvale, *Hirundo rustica*.

Enkelte spreidde observasjonar i august. Siste observasjon var av to ungfuglar 16.september(KMS).

Taksvale, *Delichon urbica*.

Har hekket vanlig på Fokstugu gard siden 1875 da ca. 50 par hadde tilhold der. Hekker nå også på Fokstugu stasjon og saterhusene i områdene (THØ 2003). I 2004 og 2005 blei kolonien på Fokstugu gard øydelagd av skjor. Sistnemnde år var det eitt kull som vaks opp, og det reiret låg på innsida av ein husvegg. Der har ikkje vore taksvalehekking på Fokstugu stasjon dei åra vi har vore her. I 2006 var det ikkje ei einaste taksvale å sjå. Skjora har utan tvil gjort at taksvale er forsvunnen frå Fokstugu (KJG, KMS, LFO).

Trepiplerke, *Anthus trivialis*.

Sjelden. Flere syngende hørt i fjellbjørkeskogen sør for myra i 1942. I perioden 1986-88 ble 1-3 hanner hørt syngende hvert år (THØ 2003). Vi veit ingen ting om hekking av trepiplerke i området, men har litt data elles. I 2005 blei eitt individ fanga allereie 31. juli. Både i 2004 og 2006 blei første individet fanga 07. august. I år blei det for første gong prøvt med lokkelyd på denne arten. Resultatet let ikkje vente på seg: Til saman 146 individ vart fanga og ringmerkt, mot 11 og 16 dei to foregåande åra. Dette skulle vise at det går eit godt trekk av trepiplerke over Fokstumyra. Beste trekktida ser ut til å vere siste halvdel av august. Denne arten vil vere ein av satsingsartane i åra framover. Ei av trepiplerkene hadde på seg ein flått. Det skulle tyde på at nokre av fuglane kjem frå kystnære strok vest- eller nordfrå. (KMS, GBA, ESO).

Vintererle, *Motacilla cinerea*. Ein ungfugl blei fanga i eitt av netta som stod over dreneringskanalen berekna på vadefuglar 13.10.2006. Dette er ny art for Fokstummyra (GBA, KMS).



Vintererle Fokstugu 13.10.2006 (Foto Kjell Mork Soot)

Sidensvans, *Bombycilla garrulus*. 13.10.2006 blei ein flokk på om lag 20 individ observert (GBA, KMS). Dette var første registrering og ny art for Fokstummyra. Etter denne observasjonen blei medbrakt rognebær hengt opp, og lyd av sidensvans spelt. Dette førte til at fleire flokkar stoppa opp og fem fuglar blei fanga 15.10. (KMS, LFO, Erlend Sønstebø, Ragnar Sønstebø). Laurdagen etter, 21.10, var det tjukk skodde fram til klokka var 13. Litt sidensvans passerte, men no i austleg retning. Av ein flokk på ca. 30 blei ni fanga. I skyminga om kvelden passerte ein flokk på ca. 20, men no i sørleg retning. Dagen etter var det ingen flokkar å sjå, men eitt individ hang plutseleg i netta. (KMS). 04.november var vi på Fokstugu for å rigge ned utstyret. Der var litt snø på markene og vind. Rognebær blei hengt opp og lyd blei spelt ved heisenettet. Det viste seg at sidensvans passerte Fokstugu framleis. Dette var kanskje beste dagen i så måte. Det var vanskeleg å få oversikt, fordi fuglane ofte gjekk ned i lågt og tett kratt, kanskje pga vinden. Ni fuglar blei fanga. (KJG, KMS). Fokstugu har uten tvil potensiale til kunne bli ein god fangstplass for sidensvans i invasjonår viss ein planlegg ein spesiell fangstplass for denne arten. Noko anna som var interessant, var at på Sunnmøre var det lite sidensvans og det berre i ein kort periode. På Nordmøre og i Trøndelag derimot, var der mykje sidensvans og det over lengre tid. Utifrå observasjonar på Fokstugu, såg det ut til at storparten av sidensvansen frå desse områda drog over fjella mot Austlandet, i staden for å følge kysten sørover.

Fossefall, *Cinclus cinclus*.

Har fast hekkeplass ved Fokstugu gard. Ses ellers langs elver og bekker i området (THØ 2003). Reiret blei i 2006 røva av kråkefugl, sannsynlegvis av skjor. Reiret som var der frå før, viste også tydeleg at det var røva av kråkefugl. Ei predatorsikker kasse er no sett opp. Det er å håpe at fossefallet tar henne i bruk (KJG, KMS).

Gjerdsmett, *Troglodytes troglodytes*.

Eit svært ungt eksemplar av arten blei fanga 10.august. Tidspunktet, utviklinga og utsjånaden av fjørdrakta viste at fuglen måtte ha kome frå nærområdet. (KMS).

Blåstrupe, *Luscinia svecica*.

Etter ein laber sesong i 2005 (389 ringmerkete), var det oppløftande å få over 1100 blåstrupar i 2006. Fokstugu har utan tvil potensiale i seg til at eit par tusen kan ringmerkast i sesongen, viss det klaffar med verforhold og god bestand. Dessutan trengs det bemanning heile tida i siste halvdel av august, som etter alt å døme er beste fangstperioden for blåstrupe. Vi kunne i år dessverre vere der berre i helgane i denne viktige perioden. I år blei lokkelyd køyrt heile natta og netta blei opna i god tid før det var lyst. Akkurat grålysninga er ofte beste fangsttida for blåstrupen. At ein del av blåstrupane, som passerar Fokstummyra om hausten, kan kome frå plassar forholdsvis langt unna, viste ei ung hoe fanga 02. september. Denne fuglen hadde på seg to flåttar ved nebbrota, som viser at han måtte ha kome frå kystnære strøk. Elles var det som før nemnt ein laber sesong i 2005. Dette året var smågnagarbestanden dårleg, etter samanbrot i 2004. Det skal bli interessant å sjå etter kvart om det er ein samanheng mellom talet på blåstrupar og smågnagarbestanden.

Grashoppesongar, *Locustella naevia*.

En registrering er gjort av arten 14.07.1986 ved Øyaseter/Lesjabekk (THØ 2003)

Ein syngande hann blei 27.07.2006 høyrte inne i reservatet like sør for fangstområdet på Fokstugu (KJG, KMS).

Sivsongar, *Acrocephalus schoenobaenus*.

Både i 2004(24.08) og 2005(09.08) blei eitt individ fanga. I 2006 hamna to individ i netta, henholdsvis 12.august og 02. september (KMS). Sju individ er dermed registrerte på Fokstummyra. Då er eitt individ fanga og ringmerkt ved Lesjabekk 23.08.2003 også medrekna.

Tornsongar, *Sylvia communis*

Arten er bare observert med tre syngende hanner i 1986 (THØ 2003).

Ein ungfugl blei fanga i nett og ringmerkt 14.08.2006 (GBA, KMS).

Gulbrynsongar, *Phylloscopus inornatus*

02. oktober 2005 blei første funnet av denne arten på Fokstummyra registrert. Ved ein feil fekk vi opplyst at dette var første funnet i Oppland. Det rette er at det var det andre funnet. Første funnet blei gjort i Totenvika september 1984 (sjå ”Fugler i Oppland”, 1997). I 2006 blei fem gulbrynsongarar fanga og ringmerkt på Fokstugu, dvs. funn 3-7 i Oppland: Ein ganske tidleg fugl 10.09, 1 individ 16.09, 2 individ 24.09 og 1 individ 30.09. (KMS). Det er verdt å merke seg at i dette tidsrommet ein fekk fuglane (tre veker) vart det fanga berre i seks heile dagar (i helgane). Det skal bli interessant å sjå i åra framover om gulbrynsongaren er så vanleg på trekk over Fokstummyra som han var i år.



Gulbrynsongar 10.09.2006

Gulbrynsongar 16.09.2006

Gulbrynsongar 24.09.2006



Gulbrynsongar 24.09.2006

Gulbrynsongar 30.09.2006

(Alle foto : Kjell Mork Soot)

Gransongar, *Phylloscopus collybita*.

Før vi begynte med våre registreringar, var det berre ein observasjon frå Fokstumyra, 13.06.1994 (THØ 2003). Frå slutten av august til midten av oktober er det eit visst trekk I år 2006 blei 64 individ ringmerkt, i tidsromet 27.08 til 12.10. I dei to foregåande åra blei 19 ringmerkt (i 2004) og 15 (i 2005). Auken i år kan skuldast at fleire nett var i bruk, litt lokkelyd blei brukt i periodar og fangstveret var svært bra samanlikna med dei tidlegare to åra.

Svartmeis, *Parus ater*

Eitt individ blei fanga og ringmerkt 24.09.2006. Dette er første funn av denne arten på Fokstumyra. 08.10. 2006 blei individ nummer to fanga (KMS).



Svartmeis Fokstugu 24.09.2006 (Foto: Kjell Mork Soot)

Blåmeis, *Parus caeruleus*.

Ni blåmeis blei ringmerkt i tidsromet 24.09 til 13.10.2006. To individ som blei ringmerkt i lag 08.10, vart kontrollerte 22.10 på same stad.

Trekrypar, *Certhia familiaris*.

Eitt individ blei fanga og ringmerkt 30.09.2006. Dette er første funn av denne arten på Fokstumyra (KMS).



Trekrýpar Fokstugu 30.09.2006. (Foto: Kjell Mork Soot)

Kaie, *Corvus monedula*.

Artens første registrerte funn i området, 4 individer på Fokstugu stasjon 16.05.1989 (THØ 2003). To individ trekte mot sør 10.10.2006 (KMS).

Bergirisk, *Carduelis flavirostris*.

Arten kan bli sett under trekket vår og høst (THØ 2003). I løpet av tre sesongar er eitt individ konstantert: 17.09.2006 blei ein ung hann fanga i lag med nokre gråsisikar (KMS).

Gråsisik, *Carduelis flammea*. **Brunsisik**, *Carduelis cabaret*. **Polarsisik**, *Carduelis hornemanni*.

Vi såg tidleg i sesongen at det var tillaga enorme mengder med frø på bjørkene. Nesten kvar dag, frå første fangstdag i juli til fangstslutt i november, fekk vi gråsisik. Andelen av ungfugl auka sjølvsgatt etter kvart. På 21 fangstdagar, fram til 16. september, fekk vi mindre enn 10 pr. dag. På åtte fangstdagar 10-19 individ, og på tre fangstdagar (mellom 30.juli og 14. august) 26 til 42. Fangsten i første delen av september var moderat (under 10 pr. dag). Frå 16. september av var det heilt omsnudd. Då blei 83 gråsisik fanga, utan lokkelyd. Ein la med ein gong merke til at desse fuglane var av ein heilt annan type enn det som var fanga før. Fuglane var større og lysare, mange med polarsisikpreg utan at dei var det. Mange var også av den store og langnebbba typen. I heile resten av sesongen var det mange individ av desse formene her. Lokkelyd på gråsisik blei ikkje brukt før 11.oktober. Denne dagen slo gråtrasten heilt feil, og det var lite fugl å få elles. Rundt klokka 09 blei gråsisiklyd spelt for første gong den sesongen. Store mengder med gråsisik nærmast kjempa om å få henge seg fast i netta rundt CD-spelaren, som raskt blei slått av. Eg (KMS) hadde sikra meg arbeid utan pause til seint på ettermiddagen. Fuglar som hang i netta, lokka nye fuglar i. 428 gråsisik, 95 brunsisik, 61 bjørkefink og mindre antal fordelt på 11 andre artar blei ringmerkt. Etter kvart som netta blei tømde, blei dei snurra saman for å unngå at fleire gjekk i. Totalt blei det ringmerkt 612 fuglar den dagen. Dei fire neste dagane blei også store mengder gråsisik og brunsisik fanga. Men då var ein meir førebudd på kva som kunne skje. Og då Georg Bangjord dukka opp, kunne vi ha fanga endå meir. Brunsisiken hadde nesten same utviklingsbiletet som gråsisiken. I haustferien var det klart meir av den arten i netta enn tidlegare i sesongen.

Første polarsisikane dukka opp i netta 09. oktober (fire individ). Dei to siste blei fanga 22.oktober. Totalt blei 20 polarsisik ringmerkte.

Dei store frømengdene på bjørka i 2006 ser ut til å ha gjort at mykje gråsisik enno seint i desember heldt til i Fokstummyrområdet. Laurits Fokstugu såg 17. desember store mengder gråsisik i området frå Fokstugu til Vålasjøen. Veret var roleg og fint, med 7 kuldegrader og lite snø.

Konglebit, *Pinicola enucleator*.

Etter at alt utstyret var nedpakka i bilen og ringmerkingssesongen på Fokstugu i grunnen var avslutta, 04.11.2006, såg vi ein gammal hann av denne arten like ved hia til raudreven på Fokstugu stasjon, der han sat og åt einebær. Dette er ny art for Fokstumyra, art nummer 168.



Konglebit Fokstugu 04.11.2006 (Foto Kjell Mork Soot).

Gulsporv, *Emberiza citrinella*.

Eitt individ beita på det nyaste gjenlegget på Fokstugu 26. mai 2006.

3. ARTSLISTE FOR FUGL PÅ FOKSTUMYRA PR. 2006

Samanlikna med lista for 2005, er 5 nye artar komne til. Dei som tidlegare ikkje er registrerte for Fokstumyra, er skrivne med **feit** skrift.

- | | |
|--|--|
| 1 Smålom, <i>Gavia stellata</i> . | 25. Lappfiskand, <i>Mergus albellus</i> . |
| 2 Storlom, <i>Gavia arctica</i> . | 26. Siland, <i>Mergus serrator</i> . |
| 3 Horndukkar, <i>Podiceps auritus</i> . | 27. Laksand, <i>Mergus merganser</i> . |
| 4 Gråhegre, <i>Ardea cinerea</i> | 28. Havørn, <i>Haliaeetus albicilla</i> . |
| 5 Knoppsvane, <i>Cygnus olor</i> | 29. Sivhauk, <i>Circus aeruginosus</i> . |
| 6 Songsvane, <i>Cygnus cygnus</i> . | 30. Myrhauk, <i>Circus cyaneus</i> . |
| 7 Sædgås, <i>Anser fabalis</i> . | 31. Enghauk, <i>Circus pygargus</i> . |
| 8 Kortnebbgås, <i>Anser brachyrhynchus</i> . | 32. Hønsehauk, <i>Accipiter gentilis</i> . |
| 9 Dverggås, <i>Anser erythropus</i> | 33. Sporvehauk, <i>Accipiter nisus</i> . |
| 10. Grågås, <i>Anser anser</i> | 34. Musvåk, <i>Buteo buteo</i> . |
| 11. Brunnakke, <i>Anas penelope</i> . | 35. Fjellvåk, <i>Buteo lagopus</i> . |
| 12. Krikkand, <i>Anas crecca</i> . | 36. Kongeørn, <i>Aquila chrysaetos</i> . |
| 13. Stokkand, <i>Anas platyrhynchos</i> . | 37. Fiskeørn, <i>Pandion haliaetus</i> . |
| 14. Stjertand, <i>Anas acuta</i> . | 38. Tårnfalk, <i>Falco tinnunculus</i> . |
| 15. Knekkand, <i>Anas querquedula</i> . | 39. Dvergfalk, <i>Falco columbarius</i> . |
| 16. Skjeand, <i>Anas clypeata</i> . | 40. Jaktfalk, <i>Falco rusticolus</i> . |
| 17. Taffeland, <i>Aythya ferina</i> . | 41. Vandrefalk, <i>Falco peregrinus</i> . |
| 18. Ringand, <i>Aythya collaris</i> . | 42. Lirype, <i>Lagopus lagopus</i> . |
| 19. Toppand, <i>Aythya fuligula</i> . | 43. Orrfugl, <i>Tetrao tetrix</i> . |
| 20. Bergand, <i>Aythya marila</i> . | 44. Storfugl, <i>Tetrao urogallus</i> . |
| 21. Havelle, <i>Clangula hyemalis</i> . | 45. Vaktel, <i>Coturnix coturnix</i> . |
| 22. Svartand, <i>Melanitta nigra</i> . | 46. Myrrikse, <i>Porzana porzana</i> . |
| 23. Sjøorre, <i>Melanitta fusca</i> . | 47. Trane, <i>Grus grus</i> . |
| 24. Kvinand, <i>Bucephala clangula</i> | 48. Tjeld, <i>Haematopus ostralegus</i> . |
| | 49. Sandlo, <i>Charadrius hiaticula</i> . |

50. Boltit, *Charadrius morinellus*.
51. Heilo, *Pluvialis apricaria*.
52. Vipe, *Vanellus vanellus*.
53. Temmincksnipe, *Calidris temminckii*.
54. Myrsnipe, *Calidris alpina*.
55. Fjellmyrløpar, *Limicola falcinellus*.
56. Brushane, *Philomachus pugnax*.
57. Kvartbekkasin, *Lymnocyptes minimus*.
58. Enkeltbekkasin, *Gallinago gallinago*.
59. Dobbeltbekkasin, *Gallinago media*.
60. Rugde, *Scolopax rusticola*.
61. Småspove, *Numenius phaeopus*.
62. Storspove, *Numenius arquata*.
63. Sotsnipe, *Tringa erythropus*.
64. Raudstilk, *Tringa totanus*.
65. Gluttsnipe, *Tringa nebularia*.
66. Skogsnipe, *Tringa ochropus*.
67. Grønstilk, *Tringa glareola*.
68. Strandsnipe, *Actitis hypoleucos*.
69. Svømmesnipe, *Phalaropus lobatus*.
70. Fjelljo, *Stercorarius longicaudus*.
71. Hettmåse, *Larus ridibundus*.
72. Fiskemåse, *Larus canus*.
73. Sildemåse, *Larus fuscus*.
74. Gråmåse, *Larus argentatus*.
75. Makrellterne, *Sterna hirundo*.
76. Raudnebbterne, *Sterna paradisaea*.
77. Svartterne, *Chlidonias niger*.
78. Bydue, *Columba livia var. domesticus*
79. Ringdue, *Columba palumbus*.
80. Tyrkerdue, *Streptopelia decaocto*.
81. Turteldue, *Streptopelia turtur*.
82. Gauk, *Cuculus canorus*.
83. Snøugle, *Nyctea scandiaca*.
84. Haukugle, *Surnia ulula*.
85. Hornugle, *Asio otus*.
86. Jordugle, *Asio flammeus*.
87. Perleugle, *Aegolius funereus*.
88. Natravn, *Caprimulgus europaeus*.
89. Tårnseglar, *Apus apus*.
90. Hærfugl, *Upupa epops*.
91. Vendehals, *Jynx torquilla*.
92. Flaggspett, *Dendrocopos major*.
93. Dvergspett, *Dendrocopos minor*.
94. Songlerke, *Alauda arvensis*.
95. Fjellerke, *Eremophila alpestris*.
96. Sandsvale, *Riparia riparia*.
97. Låvesvale, *Hirundo rustica*.
98. Taksvale, *Delichon urbica*.
99. Trepplerke, *Anthus trivialis*.
100. Heipplerke, *Anthus pratensis*.
101. Lappplerke, *Anthus cervinus*.
102. Gulerle, *Motacilla flava*.
103. **Vintererle, *Motacilla cinerea***.
104. Linerle, *Motacilla alba*.
105. **Sidensvans, *Bombycilla garrulus***.
106. Fossekall, *Cinclus cinclus*.
107. Gjerdesmett, *Troglodytes troglodytes*.
108. Jernsporv, *Prunella modularis*
109. Raudstrupe, *Erithacus rubecula*.
110. Nattergal, *Luscinia luscinia*.
111. Blåstrupe, *Luscinia svecica*.
112. Svartraudstjert, *Phoenicurus ochruros*
113. Raudstjert, *Phoenicurus phoenicurus*.
114. Buskskvett, *Saxicola rubetra*.
115. Steinskvett, *Oenanthe oenanthe*.
116. Ringtrost, *Turdus torquatus*.
117. Svarttrost, *Turdus merula*.
118. Gråtrost, *Turdus pilaris*.
119. Måltrost, *Turdus philomelos*.
120. Raudvengtrost, *Turdus iliacus*.
121. Grashoppesongar, *Locustella naevia*.
122. Sivsongar, *Acrocephalus schoenobaenus*.
123. Myrsongar, *Acrocephalus palustris*.
124. Gulsongar, *Hippolais icterina*.
125. Hauksongar, *Sylvia nisoria*
126. Møller, *Sylvia curruca*.
127. Tornsongar, *Sylvia communis*.
128. Hagesongar, *Sylvia borin*.
129. Munk, *Sylvia atricapilla*.
130. Gulbrynsongar, *Phylloscopus inornatus*
131. Gransongar, *Phylloscopus collybita*.
132. Lauvsongar, *Phylloscopus trochilus*.
133. Fuglekonge, *Regulus regulus*.
134. Gråflugesnappar, *Muscicapa striata*.
135. Svartkvit flugesnappar, *Ficedula hypoleuca*.
136. Lauvmeis, *Parus palustris*.
137. Granmeis, *Parus montanus*.
138. **Svartmeis, *Parus ater***
139. Blåmeis, *Parus caeruleus*.
140. Kjøtmeis, *Parus major*.
141. Spettmeis, *Sitta europea*.
142. **Trekrypar, *Certhia familiaris***.
143. Varslar, *Lanius excubitor*.
144. Skjor, *Pica pica*.
144. Kaie, *Corvus monedula*.
146. Kornkråke, *Corvus frugilegus*.
147. Kråke, *Corvus corone cornix*.
148. Ramn, *Corvus corax*.
149. Stare, *Sturnus vulgaris*.
150. Gråsporv, *Passer domesticus*.
151. Pilfink, *Passer montanus*.
152. Bokfink, *Fringilla coelebs*.
153. Bjørkefink, *Fringilla montifringilla*.
154. Grønfink, *Carduelis chloris*.
155. Grønsisik, *Carduelis spinus*.
156. Bergirisk, *Carduelis flavirostris*.
157. Gråsisik, *Carduelis flammea*.
158. Brunsisik, *Carduelis cabaret*.
159. Polarsisik, *Carduelis hornemanni*.
160. Grankorsnebb, *Loxia curvirostra*.
161. Rosenfink, *Carpodacus erythrinus*.
162. **Konglebit, *Pinicola enucleator***.
163. Dompap, *Pyrrhula pyrrhula*.
164. Lappsporv, *Calcarius lapponicus*.
165. Snøsporv, *Plectrophenax nivalis*.
166. Gulsporv, *Emberiza citrinella*.
167. Dvergsporv, *Emberiza pusilla*.
168. Sivsporv, *Emberiza schoeniclus*

4 DISKUSJON

4.1 Flått

På Dovre finst ikkje naturleg bestand av flått. Under fangst 03.09.2005 blei ein lauvsongar, som hadde ein stor flått på seg ved nebbrota, fanga. Ved eit lukketreff hadde fuglen ring. Han var ringmerkt på Nes, Bjugn, Sør-Trøndelag åtte dagar tidlegare.

Utan at vi leitte spesielt, blei det konstatert flått på fire individ i 2006: To av desse var lauvsongarar, fanga 08.08 og 26.08. Ei trepiplerke med flått blei fanga 12.08 og ei ung hoe av blåstrupe, fanga 02.09, hadde to flåttar. Dette skulle tydeleg vise at ein del fuglar frå kystnære område passerer forbi Fokstumyra. Geografisk ligg Fokstugu på høgde med Geiranger / Hellesylt på søre Sunnmøre. Ein skulle forvente at det er få fuglar som går rett aust derifrå. Det er meir naturleg å tenke seg at dei fleste forbitrekkande fuglane stammar lenger nordfrå, frå Romsdal/Nordmøre/Trøndelagsfylka.

Med hjelp av Reidar Mehl har vi fått tilsendt oversiktskart over utbreiinga til flåtten. Desse karta er laga utifrå ein sjukdom hos kyr, babesia, som berre blir forårsaka av flått. Kartet fortel dermed indirekte kvar ein finn denne arten. Etter desse karta er nærmaste leveplassane til flåtten sjølve Romsdalen og Sunndal, ca.50 - 60 km unna. Elles finst han langs heile kysten frå svenskegrensa i sør til grensa mot Nordland i nord.

4.2 Dyrka mark og biologisk mangfald

På våren kan ein sjå store mengder heilo som søkjer til dei dyrka markene på Fokstugu. Seinast i år var der bra med fugl heile våren, som stakk til fjells når snøen forsvann der. Med ein gong snøen la seg lenger oppe i fjellet, kom dei tilbake på markene. I krisetider er nok markene på Fokstugu viktige for heiloen. Dyrkamarka gjer nok sitt til at vi finn fleire hekkande vipepar rundt Fokstugu. At storspoven dukka opp i år har nok også sin grunn i dyrkamarka. Og ender ser ein heile våren på markene, sikkert på jakt etter dei tidlege, næringsrike skota. Trana stikk innom, mest på vårparten. Mykje småfugl søkjer til dyrkamarka som heipiplerke, sivsporv, gulerle og linerle. Desse artane nyttar markene heile sesongen dei er her. Overgangssona mellom dyrka mark og myr dreg til seg store mengder blåstrupe og andre småfuglartar. Og i same sona er det tydeleg at rovfugl og ugler jaktar ofte. Stareflokkar kan spreie seg over heile marka på jakt etter mat. Trast brukar flittig markene i hekketida på jakt etter mat til ungene. Om hausten er markene jamt vitja av songlerka. Både grågås og kortnebbgås kan beite på markene om hausten, i lag med ender. Dyrkamarka på Fokstugu verkar nok positivt inn på det biologiske mangfaldet på Fokstumyra. I trange tider er ho nok ekstra viktig. Dei gode ringmerkingsresultata vi kan vise til på Fokstugu, kan kanskje også kome av at dyrkamarka gjer området meir attraktivt for mange artar.

4.3 Fokstugu Ornitologiske Stasjon

Tanken om oppretting av ein ornitologisk stasjon på Fokstugu har etter kvart vakse seg sterkare, ikkje minst fordi grunneigaren, Laurits Fokstugu, har stilt seg positivt til dette. Frå 2007 vil Fokstugu Ornitologiske Stasjon bli oppretta. Sunnmøre Ringmerkingsgruppe vil stå for drifta. Vi driv elles ein ringmerkingsstasjon til, Giske Ornitologiske Stasjon, like ved Ålesund, der vi arbeider spesielt med fangst av småvadarar og skjerpplerke.

Med oppretting av stasjon, vil ein forhåpentlegvis få jamnare bemanning heile hausten, ved at interesserte frå andre grupper også deltek. To mann på vakt er ofte ein fordel.

Med ein stasjon i høg fjellet (940 moh), midt i krysningspunktet mellom Møre/Trøndelag og sjølve Austlandet, kan denne fange opp tendensar, f.eks når det gjeld trekk, som ikkje blir registrert elles. Denne stasjonen ligg midt i smørauget med tanke på blåstrupefangst. Andre artar stasjonen kan gjere seg gjeldande på er for eksempel sivsporv, heipiplerke, raudstrupe, trastar (spesielt gråtrast), lauvsongar, gråsisik / brunsisik og sidensvans (i invasjonår).

Satsingsartar førebels er blåstrupe og trepiplerke, to artar som hittil har lite og mangelfullt

gjenfunnsmateriale her i landet. Kva andre artar som eventuelt vil bli satsa spesielt på framover, reknar ein med vil utkrystallisere seg etter kvart.

Erfarne A-merkarar, som kan avstå litt tid til ringmerkingsarbeid heilt inn til eksotiske Fokstumyra, skal ikkje vere redde for å ta kontakt. Det same gjeld for personar frå Dovre og nærliggande kommunar som måtte tenkje på å utdanne seg til ringmerkarar for ein innsats på Fokstugu OS. Desse er ekstra velkomne. KMS er utdanningsleiar for ringmerkarar for Møre & Romsdal og Sogn & Fjordane, og kan sikkert hjelpe til her. Vi kan tilby gratis losji for interesserte på Fokstugu gard, der vi har eige hus frå ca. 01.august.

4.4 Nye artar av sommarfuglar og andre insekt, mosar, lav osv.

Det viste seg denne sesongen vanskeleg å få høve til å arbeide så mykje med andre artsgrupper enn fuglar, pga ofte liten bemanning. Det blei m.a. konstatert nokre nye sommarfuglar og moseartar, men desse vil bli publisert i neste rapport.

4.5 Raudlista fuglar observert Fokstumyra 2006

Etter den nye raudlista er 78 fugleartar i fastlands-Noreg med på denne. Under våre besøk har vi konstatert 16 av desse på Fokstumyra i 2006.

Sårbar: Storlom *Gavia arctica*. Hønehauk *Accipiter gentilis*. Myrhauk *Circus cyaneus*. Grashoppesongar *Locustella naevia*. Konglebit *Pinicola enucleator*.

Nær trua: Songsvane *Cygnus cygnus*. Jaktfalk *Falco rusticolus*. Vipe *Vanellus vanellus*. Storspove *Numenius arquata*. Hettemåse *Larus ridibundus*. Songlerke *Alauda arvensis*. Steinskvett *Oenanthe oenanthe*. Varslar *Lanius excubitor*. Stare *Sturnus vulgaris*. Bergirisk *Carduelis flavirostris*.

Datamangel: Brushane *Philomachus pugnax*.

4.6 Problemet raudrev / trane

På dei tre sesongane vi har drive med kartleggingsarbeid på Fokstugu, har ikkje ein traneunge vakse opp. Grunnane til det kan vere fleire. I 2005 tok vårflaumen egga for paret ved Horrtjern. Men det er ikkje vårflaum kvart år. Raudreven er den som har største mistanken retta mot seg med tanke på at traneungane forsvinn kvart år. Laurits Fokstugu fortel at han for få år sidan såg ein raudrev som tydelegvis var ute etter ein traneunge i eit sumpområde, men måtte til slutt gi seg fordi den eine vaksnefuglen var svært aktiv i forsvaret av ungen (han gjorde seg stor og slo med vengane). Det er ei kjend sak blant traneforskarane at raudrev gjerne tek traneungar. Raudreven har hi like ved Fokstugu jernbanestasjon, og dermed kort veg til tranerevira. Laurits Fokstugu er ikkje i tvil om at raudreven er den som gjer at traneungane forsvinn kvart år. Held det fram slik, vil i verste fall Fokstumyra kunne vere fri for traner etter kvart.

Slik vi ser det, bør raudreven ved Fokstugu jernbanestasjon fjernast. Ein bør verne om enkelte fuglegrupper som folk forbind med Fokstumyra. Traner og Fokstumyra høyrer liksom saman. Ein forvaltar bort raudlista jerv i nasjonalparkar fordi dei tek nokre sau som det finst eit par millionar av i Noreg. Då bør ein kunne forvalte bort raudrev fordi dei tek traner som det berre finst 1000-1500 hekkepar av i Noreg (jfr. Norsk Fugleatlas).

4.7 NSB og Fokstumyra Naturreservat

I dei to tidlegare rapportene vi har skrive, har vi nemnt enkelte punkt som bør påpeikast overfor NSB fordi ein skulle tru at dei har eit visst ansvar så lenge som jernbanelinja går tvers gjennom heile Fokstumyra Naturreservat:

1) Stor fart (opp til 130 km/t?) drep mykje fugl inne i reservatet. Kva er vitsen med eit reservat når fuglane blir drepne inne i reservatet?

2) Det er blitt brukt plantevernemiddel på og ved Fokstugu jernbanestasjon, sist i 2005. Kan dette påverke fuglelivet i reservatet?

3) Store mengder jernskrap er slengt frå seg langs jernbanelinja. Har ikkje NSB høyrte om resirkulering?

4) Dette punktet er ikkje blitt nemnt før, men toga verkar sterkt forstyrrende inn på fugl som rastar (kviler og finn seg mat). I vierkrattet ved Fokstugu stasjon kan store mengder småfugl raste. Dagleg ser ein fuglar som går på vengane og stikk av når tog rasar forbi. I eit reservat er det vel meininga at dei individa som reservatet er oppretta for, skal få vere mest mogeleg i fred. Toga forstyrrar mykje dei rastande fuglane. Verdien av eit reservat blir mykje mindre når slike tilstandar rår.

5. TAKK

Ei stor takk til Georg Bangjord med familie, Einar Selvåg, Egil Soglo og Håkon Orten Trovåg som har hjulpet til med ringmerkingsarbeidet på Fokstugu denne sesongen. Det er å håpe at no som ein ornitologisk stasjon blir oppretta, at fleire tek kontakt med oss for å gjere ein innsats der.

Som vanleg var grunneigaren, Laurits Fokstugu, svært hjelpsam og positiv. Frå sesongen 2007 stiller vi med ei lita ringmerkingsbu som Laurits har gitt oss. Tidlegare har vi brukt ei presenning til vern av utstyret mot regn og vind, og der vi kunne opphalde oss i pausane. Denne ringmerkingsbua vil utan tvil lette feltarbeidet mykje.

Reidar Mehl takkast her for stor velvilje og hjelp då vi spurte han om opplysningar om utbreiingsområdet til flåtten.

Fylkesmannen i Oppland blir takka for økonomisk støtte til arbeidet vi har gjort dette året ved Fokstummyra.

Dovre Fjellstyre og Joramo Bygdealmening blir hermed takka for løyve til å drive med undersøkingar på deira grunn.

6. LITTERATUR

Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S.(red) 1994: Norsk fugleatlas. Norsk Ornitologisk Foreining, Klæbu. 552 s.

Norsk Ornitologisk Foreining, avd. Oppland 1997. Fugler i Oppland. 280 s.

Soot, Kjell Mork, Grimstad, Karl Johan, Michaelsen, Tore Chr.: Feltarbeid ved Fokstummyra 2004. (Med hovudvekt på ornitologi og ringmerking. Men også litt om augestikkarar, sommarfuglar, lav, sopp m.m.) Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 11s. & Hujon 1-2005.

Soot, Kjell Mork, Grimstad, Karl Johan, Michaelsen, Tore Chr.: Feltarbeid ved Fokstummyra 2005. (Med hovudvekt på ornitologi og ringmerking. Men også litt om augestikkarar, sommarfuglar, lav, sopp m.m.) Sunnmøre Ringmerkingsgruppe 23 s. & Hujon 4-2005.

Østbye, Thor 200 : Fokstummyra . Vedlegg 7. Artskommentarer for fugl. Fylkesmannen i Oppland. Miljøvernnavd. Notat, 14 s.

Østbye, Thor 2005: Fokstummyra naturreservat. Fugleregistreringer 2005. Resultater fra feltarbeidet sommeren 2005. Statens Naturoppsyn . Rapport nr. 31.

Kjell Mork Soot
Geilane,
6060 Hareid.
Tlf 70092443 / 91308487

Karl Johan Grimstad
6062 Brandal
Tlf 70093321 / 99233535

Denne rapporten blir lagt ut på heimesida til Sunnmøre Ringmerkingsgruppe, www.fugler.com/srg, der dei to tidlegare rapportane også er. Han blir elles publisert i "Hujon", tidsskriftet til NOF Oppland.